

Eid kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 09.06.2015
Møtestad: Møterom i 1. etasje
Møtetid: Kl. 09:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post:

o Arnar Helgheim: ah@sekom.no (mobil: 975 81 418)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
019/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
020/15	Skriv og meldingar 9.6.15
021/15	Tinging av overordna analyse
022/15	Orientering - protokollar utval / styre
023/15	Oppfølgingsliste 3 - 2015
024/15	Eventuelt

Med helsing

Roy André H Bruvoll

Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 09.06.2015	Saksnr 019/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/322
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 09.06.2015	Saksnr 020/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/338
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar 9.6.15

Vedlegg:

FKT-konferanse

Det blir orientering frå Forum for kontroll og tilsyn si fagkonferanse med årsmøte den 3. og 4. juni.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 09.06.2015	Saksnr 021/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 15/293
---	-------------------------	-------------------------------

Tinging av overordna analyse

Vedlegg:

Dok.dato 02.06.2015	Tittel Eid Spørjeundersøking om overordna analyse (2624_1_P).pdf	Dok.ID 2662
-------------------------------	--	-----------------------

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret / Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tingar overordna analyse for Bremanger kommune frå Kommunerevisjonen i Nordfjord.

...

Saksutgreiing:

Ein viktig del av oppstarten for nytt kontrollutval etter valet, er å starte arbeidet med overordna analyse, som er grunnlag for:

- Plan for forvaltningsrevisjon
- Plan for selskapskontroll

Utarbeiding av overordna analyse har vore ein del av revisor sine oppgåver dei tidlegare åra, og sekretariatet ser på det som ein naturleg arbeidsmåte også denne gongen. Vi har starta drøftingane om korleis analysen kan gjennomførast slik at det ikkje tar unødig lang tid, men samstundes blir ein god reiskap i planarbeidet.

Klipp frå [Kontrollutvalshandboka](#), side 77:

For å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta, skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for selskapskontroll.¹ Planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er i utgangspunktet uavhengige av kvarandre, men det kan vere ein føremon å samordne planarbeidet.²

For å utarbeide gode planar som får fram kva område i kommunen som bør kontrollerast, må det gjennomførast ein overordna analyse av verksemda til kommunen.³ Den overordna analysen skal gje svar på kva område det er knytt størst risiko til, og kva område det er mest vesentleg for kontrollutvalet å undersøkje. Det er viktig at kontrollutvalet er aktivt involvert i prosessen, spesielt når det gjeld vurdering og prioritering av prosjekt som skal gjennomførast i planperioden.

Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon for valperioden 2015 – 2019, og planen skal vere basert på overordna analyse.

Overordna analyse har som føremål å få fram relevant informasjon om verksemda og eigarinteressene i kommunen, slik at det er mogeleg for kontrollutvalet å lage ein plan for forvaltningsrevisjon, og prioritere prosjekt innanfor aktuelle områder. Med overordna analyse ønskjer ein å sikre at det er dei gode og nyttige forvaltningsrevisjonsprosjekta som vert gjennomførte.

SEKOM-sekretariat har dratt i gang samarbeid med Vest Kontroll sekretariat, Kommunerevisjonen i Nordfjord og KRYSS-revisjon, der ein har tinga programmet QuestBack for å bruk til spørjeundersøking i samband med overordna analyse. Informasjon om dette er nett sendt ut. Det vert elles teke sikte på å bruke same mal for utarbeiding av overordna analyse i alle kommunane.

Eid kommunestyre

Dato: 27.05.2015
Vår referanse: 15/1071
Arkiv: FE-217

Spørjeundersøking om overordna analyse

Planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er av dei første oppgåvene til kontrollutvalet i den nye valperioden. Planane skal lagast på bakgrunn av ei overordna analyse av kommunen si verksemd ut frå vurdering av risiko og vesentlegheit.

Som ein del av den overordna analysen, ber vi det sitjande kommunestyret og kontrollutvalet om å svare på nokre spørsmål. Svara frå undersøkinga blir eit av mange element ved utarbeiding av planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

- **Undersøkinga tek 2 – 5 minutt**
- **Kvar medlem får e-post med lenke til undersøkinga**
- **Gjennomføring av undersøkinga i juni 2015**

Spørjeundersøkinga er eit samarbeid mellom revisjonsselskapa og kontrollutvalssekretariata:

- o Kommunerevisjonen i Nordfjord
- o KRYSS Revisjon
- o Vest Kontroll
- o SEKOM-sekretariat

Vi oppmodar om at alle medlemane i kommunestyret og kontrollutvalet tek seg tid til å svare på undersøkinga. Høg deltaking sikrar god kvalitet på rapportane og blir eit godt bidrag til det nye kontrollutvalet sitt arbeid!

Med helsing

Arnar Helgheim
Dagleg leiar
Tlf 57 61 27 84 / 975 81 418
ah@sekom.no

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 09.06.2015	Saksnr 022/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/323
---	----------------------	-------------------------------

Orientering - protokollar utval / styre

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret / Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

...

Saksutgreiing:

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 09.06.2015	Saksnr 023/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-040, Komnr-1443	Arkivsaknr.: 14/336
---	-------------------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 3 - 2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
Kontrollutvalsarbeid – tiltak (15/10)	23.11.10	23.11.10: Vedtak KU 26.11.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i aug/sep.
Masseuttak Eid kommune (25/14)	12.6.2014	Handsama tidlegare i sak: 048/12 i møte 27.11.2012 Ba om rapport 004/13 i møte 27.02.2013 Orientering 036/13 i møte 10.09.2013 Orientering 12.6.2014 Vedtak: Orienteringa vert teke til vitande Saka vert teke opp att i april 2015. 03.03.2015, sak 04/15 Informasjon ved plan og utviklingssjef Kristine Dahl. KU-vedtak, sak 04/15: Kontrollutvalet ber om at Eid kommune følgjer opp om masseuttaka har søkt og fått driftskonsesjon og at dei har driftsplanar i orden. Utvalet ber om svar med status før møte i september. 04.03.2015: Sendt spørsmål til Eid kommune om

		tilbakemelding.
Forvaltningsrevisjon: Samhandlingsreforma – erfaringar (46/14)	25.11.2014	25.11.14, 46/14 – vedtak: 1. Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om: Samhandlingsreforma – erfaringar. 2. Prosjektet kan utførast som felles rapport med andre kommunar. 3. Framlegg til prosjektplan vert lagt fram til første møte i 2015. Frist for rapport vert sett til innan utgangen av 2015. 4. Revisor får fullmakt til å gjere avgrensingar og tilpassingar i prosjektet. 5. Prosjektplan kan drøftast i fellesmøte med alle kontrollutvala. 25.11.14: Vedtaket sendt til Kommunerevisjonen i Nordfjord.
Rekneskapsrevisjon (47/14)	25.11.2014	25.11.14, 47/14 – Rekneskapsrevisjon – informasjon om plan og status. Handsaming: Gjennomgang ved Kommunerevisjonen i Nordfjord: Markvard Sunde og Kay Rune Solheim. Utvalet ønskjer orientering om planlagt revisjon før valet hausten 2015.
Møteplan 2015		03.03.15, 07/15 – vedtak: Møteplan for 2015 vert godkjent med følgjande møtedatoar: 3. mars 28. april 9. juni 8. september 17. november Møtetidspunkt kl 9.30
Tilsyn barnevern	03.03.2015	03.03.15, 02/15 frå Skriv og meldingar: Tilsyn barnevern: Sekretariatet undersøker status i Eid kommune 21.04.15: Kommunen sitt svar av 29.1.15 og Fylkesmannen sitt brev om avslutning av tilsyn av 3.2.15 er sendt ut til KU-møte 28.4.15.
FKT-konferanse 3. og 4. juni 2015		03.03.15, 10/15 frå Eventuelt: Roy André H Bruvoll melder seg på FKT-konferanse 3. og 4. juni.
Rekneskap 2014 – Eid kommune		28.4.15, vedtak i sak 13/15: <i>Kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen 2014 for Eid kommune vert vedteken.</i> 28.4.15: Uttalen sendt til Eid kommune 7.5.15: Rekneskapen vedteken av kommunestyret
Rekneskap 2014 – Eid Fjordvarme KF		28.4.15, vedtak i sak 14/15: <i>Kontrollutvalet tilrår at rekneskap 2014 for Eid Fjordvarme KF vert godkjent.</i> 28.4.15: Uttalen sendt til Eid kommune 7.5.15: Rekneskapen vedteken av kommunestyret
Rekneskap 2014 – Eid Industrihus KF		28.4.15, vedtak i sak 15/15: <i>Kontrollutvalet tilrår at rekneskap 2014 for Eid Industrihus KF vert godkjent.</i> 28.4.15: Uttalen sendt til Eid kommune 7.5.15: Rekneskapen vedteken av kommunestyret

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 09.06.2015	Saksnr 024/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/324
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).